

# TILLEGGSNOTAT FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN

Dagsett 12.11.22

## Budsjett 2023 – økonomiplan og handlingsprogram 2023-2026

Kommunedirektøren ser det som naudsynt å koma med nokre justeringar på budsjettdokument som var til handsaming i formannskapet 21.10.22 – sak nr.: 93/22.

Hovudgrunnen for at kommunedirektøren kjem med tilleggskokumentet er at enkelte beløp er kontrollrekna og det er naudsynt med tilleggsnotat frå kommunedirektøren.

Truleg vil det bli endringar i Stortingets budsjettvedtak, som gjer det naudsynt med justeringar i eige notat til budsjetthandsaminga 13.12.22

Kommunedirektøren har lagt til grunn eit utbytte på 4 mill frå VTK. Det er signalisert at utbyttet blir monaleg høgare (det er signal om 12 mill eller meir).

Kommunedirektøren legg til grunn at auken i utbytte frå VTK i 2023 blir overført til disposisjonsfondet.

## Innhald

VARSLA SAKER.....	3
VARSLA SAKER: .....	3
PREMISSAR: .....	4
<i>*) Det som er nytt/endra frå kommunedirektørens fyrste framlegg er markert i raudt. ....</i>	<i>4</i>
DRIFTSBUDSJETT – endringsframlegg.....	5
INVESTERINGSBUDSJETT – endringsframlegg .....	9
SAKER SOM KJEM TIL HANDSAMING OG ØKONOMISK KONSEKVEN SAR VED VEDTAK.....	11
Kommunale avgifter og brukarbetaling – pkt 9 i kommunedirektørens framlegg til handlingsprogram og budsjett .....	12
<i>*) Det som er nytt/endra frå kommunedirektørens fyrste framlegg er markert i raudt. ....</i>	<i>12</i>
Budsjettvedtak – pkt 11 i kommunedirektørens framlegg til handlingsprogram og budsjett ...	13
<i>*) Det som er nytt/endra frå kommunedirektørens fyrste framlegg er markert i raudt. ....</i>	<i>13</i>
<b>1. Budsjett 2023, handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026.....</b>	<b>13</b>
<b>2. Gebyr, avgifter brukarbetaling.....</b>	<b>13</b>
<b>3. Inntektsramme for drifta.....</b>	<b>13</b>
<b>4. Budsjettiltak .....</b>	<b>13</b>
<b>5. Fordeling av utgifter mellom etatane.....</b>	<b>13</b>
<b>6. Investeringar. ....</b>	<b>13</b>
<b>7. Låneopptak .....</b>	<b>13</b>
<b>8. Eigedomsskattevedtak for 2023 .....</b>	<b>13</b>

## VARSLA SAKER:

*\*) Politiske saker som vil kome våren 2023, som vil ha ein økonomisk konsekvens.*

Det føreligg søknad frå grendelaget på Austheii til innkjøp av stolar, bord, toalett (to) og oppvaskmaskin for storkjøkken samla pris kr 140 000.  
Søknaden vil bli handsama tideleg i 2023.

Føresette ved Åmdals-Verk barnehage har søkt om auka opningstid frå haust 2023.  
Om opningstida aukar, vil det medføre auka lønnskostnader. Kostnader er for kring kr 300 000.

Søknad/ynskje frå føresette blir handsama i løpet av våren 2023.

## PREMISSAR:

*\*) Det som er nytt/endra frå kommunedirektørens fyrste framlegg er markert i raudt.*

- Avgrense låneopptak
- Avgrense investeringane, utover det som er planlagt i 2023
- Det skal vere høg terskel for å nytte disposisjonsfondet til tiltak gjennom budsjettåret 2023
- Me skal ha fokus på å nå målet om at ingen tilsette skal ha uønska deltid. Omfang 01.01.23 og utviklinga gjennom året blir rapportert i kvartalsrapporten.  
Auke tal heiltidsstillingar
- Auke i tal prosjekt i egen regi, med 20 %.
- Grunnskulepoeng skal ligge på nivå med snitt frå dei 4 siste åra
- I kulturskulen er målet 50% deltaking i målgruppa
- **Avlutta kvalifiseringsprogram skal resultere i jobb - 70 % av alle som blir avslutta**
- **Redusere talet på langtids mottakarar av økonomisk sosialhjelp med 20% i løpet av 2023**

**DRIFTSBUDSJETT – endringsframlegg som er tilrådd innarbeida i budsjettframlegget frå kommunedirektøren:**

**Tiltak: Ramme til ungdomsrådet**

*I vedtektene heiter det:*

«Ungdomsrådet disponerar, med atterhald om kommunestyrets godkjenning, eit årleg beløp som skal fordelast til ulike aktivitetar for barn og ungdom i Tokke»

**Pris: kr 20 000**

**Kommunedirektøren har innarbeida tiltaket i driftsbudsjettet.**

oOo

**Tiltak: Kontorleige, Tokke teknologipark**

Vedtak i kommunestyret – sak 21/8 og 22/52

<b>Pris:</b>	<b>2023</b>	<b>kr 320 000 (8/12)</b>
	<b>2024 – 2025</b>	<b>kr 480 000</b>
	<b>2026 – 2032</b>	<b>kr 240 000</b>

**Kommunedirektøren har innarbeida tiltaket i driftsbudsjettet.**

oOo

**Tiltak: Landbruksplan**

Landbruksplanen er no ute til høyring om nye tiltak som ligg i planen blir vedteke, må ein rekne med auka utgifter til tilskot.

Beløpa er veldig usikre, men pt. innarbeidar ein auke på 1,2 mill.

**Pris: kr 1 200 000**

**Kommunedirektøren har innarbeida tiltaket i driftsbudsjettet.**

oOo

**Tiltak: Sør-Øst 110 IKS**

Auke med kr 10,73 (17%) – felles datasystem for heile Norge, er dyrare.

**Pris: kr 23 000**

**Kommunedirektøren har innarbeida tiltaket i driftsbudsjettet.**

oOo

**Tiltak: RPH**

Tokke sin del er auka etter vedtak i kommunestyret. Auka utgift må innarbeidast.

**Pris: kr 140 000**

**Kommunedirektøren har innarbeida tiltaket i driftsbudsjettet.**

oOo

**Tiltak: Heim for ein 50-lapp og flexiruter**

Ved nøyare gjennomgang, syner det seg at utgifter til ordninga «Trygt heim for ein 50 lapp» berre var innarbeida for 2022.

Beløpet blir difor innarbeida i budsjettet for 2023 og vidare i økonomiplanperioden.

Vidare må kommunedirektøren innarbeide eit beløp for eigenandel til Flexiruter.

Oversikt:

Minstebeløp Tokke Taxi kr 3000,- pr helg	150 000
Tokke røde kors (tiltak på Bandak, drivstoff)	10 000
Kostnad Flexiruter (fredag frå Skafså/ Høydalsmo)	80 000
Buss til rusfrie arrangement	60 000
Flexirute ved særskilde arr./på tvers av kommunane	50 000

**Pris: kr 350 000**

**Kommunedirektøren har innarbeida tiltaket i driftsbudsjettet.**

oOo

**Tiltak: Justert lønnsramme planområde 3**

Det syner seg ved kontroll at lønnsramma til planområde 3 er berekna for høg. Reduksjonen har ingen verknad for drifta og tenestetilbodet

**Pris: kr 2 600 000 (reduksjon)**

**Kommunedirektøren har innarbeida innsparinga i driftsbudsjettet.**

oOo

**Tiltak: Klausulering, Høydalsmo vassverk**

Jf. Pålegg frå Mattilsynet om klausuleringsreglar knytt til Høydalsmo vassverk. Omhandlar: Kartlegging av nedslagsfelt til grunnvassbrønnar og kartleggja ureiningsrisikoar i området.

**Pris: kr 110 000,-**

**Kommunedirektøren har innarbeida tiltaket i driftsbudsjettet.**

oOo

Det hadde kome innspel frå barnehagane, som ikkje hadde blitt vurdert tidlegare i budsjettprosessen. Innspel av tiltak er vurdert av kommunedirektøren.

<b>OKI – PLANOMRÅDE 2</b>			
	<b>Tiltak</b>	<b>Kostnad</b>	<b>Kommunedirektørens vurdering</b>
<b>Dalen barnehage</b>	<p>Takutstikk på bodane Blir problem med isisng i låder + glatt</p> <p>Skur til oppbevaring i komb. med leikestoge</p> <p>Flytte sandkasset/beplantning</p>	400 000	<p>Flytting av sandkasse må tas innan eige budsjett.</p> <p>Andre tiltak blir vurdert fyrst i budsjettet for 2024.</p>
<b>Høydalsmo barnehage</b>	<p>Solskjerming på 2 rom i 2 etg (6 vindauga) Feilvurdering frå arkitekt. Sola skin direkte inn, svært sjenerande + blender for pc/Tv skjerm</p> <p>Ønskjer utvendige screen som er bruka i 1 etg. Treng også solskjerming på verandadør + møterom.</p> <p>Her kan ein bruke folie.</p>	50 000	<p>Må innarbeidast då det påverkar arbeidsmiljøet.</p> <p>Det er beklageleg at naudsynt solskjermin ikkje blir teke inn ved bygging av ny barnehage. Løysinga ein no vel, er rimeleg.</p>
	<p>Solskjerming på leikeplass og balkong. Vanskeleg å finne skugge på leikeplass utanom under tak. Behov for markise, solseil eller parasollar.</p>	50 000	Må tas innan eige budsjett
	<p>Vinterlagring for sykklar mm.</p>	120 000	<p>Tanken var då ein kjøpte naboeigedommen, skulle garasjen nyttast til lager for vaktmeister og barnehagen. Blir dermed ikkje innarbeida, tiltaket som nemnt over må vurderast fyrst.</p>



## INVESTERINGSBUDSJETT – endringsframlegg som er tilrådd innarbeida i budsjettframlegget frå kommunedirektøren:

### **Tiltak: Prisvekst på byggekostnader av veganlegg**

KS har stipulert veksten i prisar for veganlegg til å vere 14.5% frå okt 2021 til okt 2022.

I kommunedirektørens framlegg til investeringsbudsjett er det avsett 1,5 mill. til opprusting av kommunale vegar. (Same beløp i 2022.)

Skal ein ikkje ha ein reell nedgang på vegvedlikehaldet, må ramma aukast til 1,75 mill i 2023 og vidare i økonomiplanperioden.

**Pris: kr 250 000,-**

**Kommunedirektøren har innarbeida tiltaket i investeringsbudsjettet.**

oOo

### **Tiltak: Bubilparkering**

Tidlegare varsla kommunedirektøren at fyrste utkast til skisse på bu bilparkeringa var på i overkant av 4 mill. Det er løysingar som kan redusere kostnadane på prosjektet. Ramma for prosjektet (6544) aukast frå 2 125 mill. til 3 125 mill.

**Pris: kr 1 000 000,-**

**Kommunedirektøren har innarbeida tiltaket i investeringsbudsjettet.**

oOo

### **Tiltak: Maskinplan**

Kommunestyret vedtok i sak 83/22 å gå til innkjøp av lift og sakslift allereie i 2023.

**Investeringsbudsjettet blir då endra.**

**Prosjekt 7112, maskinplan, endrast slik:**

<u>2023</u>	<u>2024</u>
6 650 mill	1 050 mill

**Kommunedirektøren har innarbeida tiltaket i investeringsbudsjettet.**

oOo

**Tiltak: Carportar, kommunehuset (nr. 44)**

I opphavelig investeringsbudsjett frå kommunedirektøren er det sett av kr 500 000 til prosjektet. Etter ein grundigare vurdering, ser ein at ramma må aukast med kr 500 000 til kr 1 000 000.

Dette kjem på bakgrunn av at ein ynskjer carport innfelt i vollen, slik at ein mogligens kan få tri radar med bilar om ein også utvidar p-plassane på motset side.

**Pris: kr 500 000,-**

**Kommunedirektøren har innarbeida tiltaket i investeringsbudsjettet.**

## SAKER SOM KJEM TIL HANDSAMING OG ØKONOMISK KONSEKVEN SAR VED VEDTAK

### Driftsbudsjett:

Sak	Plan- område	Økonomisk konsekvens	
		2023	2024
Landbruksplan, høyringsfrist 15.11 *)	4	1 200 000	1 200 000
Kontorleige, Tokke teknologipark **)	4	320 000	480 000
Ungdomsrådet	2	20 000	20 000
RPH	3	140 000	140 000
Sør-Øst 110 IKS	4	230 000	230 000
Justert lønnsbudsjett – planområde 3	3	- 2,6 mill	- 2,6 mill
Klausulering, Høydalsmo vassverk	4	110 000	
Heim for ein 50 lapp og flexiruter	2	350 000	350 000
Høydalsmo barnehage, solskjerming	2	50 000	
<b>SUM</b>		<b>- 180 000</b>	<b>- 180 000</b>

\*) Svært usikker

\*\*) 2023 – 320 000  
2024 - 2025 – 480 000  
Frå 2026 – 240 000

### Investeringsbudsjett:

Sak	Prosjekt nr.:	Økonomisk konsekvens	
		Samla beløp – auke i 2023	Årstal
Opprusting av kommunale vegar	6785	250 000	2023 og vidare i økonomiplan-perioden
Bubilparkering	6544	1 000 000	Berre 2023
Maskinplanen, justerast etter vedtak i kommunestyret	7112		Regulering i 2023 og 2024
Carportar, kommunehuset		500 000	Berre 2023

# Kommunale avgifter og brukarbetaling – pkt 9 i kommunedirektørens framlegg til handlingsprogram og budsjett

*\*) Det som er nytt/endra frå kommunedirektørens fyrste framlegg er markert i raudt.*

Tokke har på mange område låge avgifter og brukarbetalingssatsar, men dekningsgraden på vatn- og kloakk var på hv 90% og 102% i 2021.

## 9.1 Vatn, avløp og renovasjon

Budsjettframlegget inneber følgjande:

**Vass- og kloakkavgiftene blir auka med 3,0% i 2023. Avgifter for septiktøming og renovasjon fylgjer vedtaket i representantskapet i Renovest IKS. Det er rekna med full dekningsgrad i tråd med selskapsavtala**

## 9.2 Andre avgifter og brukarbetalingar

### Feiing - brannsyn

Avgifta fylgjer vedtak i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS og byggjer på full dekningsgrad.

### Husleiger:

For dei fleste kommunale bustadene blir satsane auka med konsumprisindeksen. Ved nye leigekontraktar vert det bare ein utleigepris, eventuelt subsidiering av husleige skal avtalast i arbeidskontrakt.

### Pleie- og omsorg

Eigenbetalingane på heimetenester aukar med inntil 3,0%. Prisane på mat frå kjøkkenet blir auka med inntil 3,0%. Betalingssatsar som er avhengig av statlege og andre retningsliner blir justert til det som lovverket gjev høve til.

### Skule og barnehage

Satsane i kulturskulen er uendra i 2023 for alle grupper. Me ligg framleis noko høgare i brukarbetaling enn dei andre kommunane i Vest-Telemark.

Satsane for barnehagebetaling vert endra i tråd med dei statlege føringane. Maksprisen er i statsbudsjettet redusert frå kr 3 050(01.05.22) til kr 3 000 (-1,6 %) frå 01.01.23.

For skule-/fritidsordninga blir satsane redusert tilsvarande.

### Plan, næring og teknisk etat

Det er underdekning på byggesaksgebyr, oppmålingsgebyr og plangebyr. Det blir lagt opp til ca 3,0% auke i 2023. Det er eit mål om 40% dekningsgrad på lenger sikt, dekningsgrad i 2021 var på mellom 11 og 53%.

### **Kyrkjeleg fellesråd**

~~Kyrkjeleg fellesråd får høve til å auke festeavgifter graver med inntil 3%.~~

# Budsjettvedtak – pkt 11 i kommunedirektørens framlegg til handlingsprogram og budsjett

*\*) Det som er nytt/endra frå kommunedirektørens fyrste framlegg er markert i raudt.*

## **1. Budsjett 2023, handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026.**

Nytt handlingsprogram og økonomiplan 2023-2026 og budsjett 2023, med vedlegg, skal leggjast til grunn for Tokke kommune si verksemd i perioden og blir vedteke med netto rammer for kvart planområde, og med dei endringar som fylgjer av kommunestyret si handsaming.

- a. For skatt på inntekt og formue blir nytta høgaste sats som Stortinget gjev høve til.
- b. Kommunale gebyr og eigenbetalingar som ikkje er omtala andre stader i budsjettvedtaket blir auka med inntil 3,0%, eller så langt lov og forskrift gjev høve til det.  
Kommunedirektøren delegerast mynde til å fastsetje nøyaktige satsar innanfor denne ramma.
- c. Kommunedirektøren justerar økonomiplantabellane og investeringsplanen etter endeleg vedtak i kommunestyret.
- d. Konesjonsavgiftene for 2023 – kr 8,3 mill, blir nytta til næringsutvikling/næringsarbeid (ansvar 410, 451, 453 og 454, 4,3 mill kr) og til dekning av avdrag på investeringar 4,0 mill).
- e. Eventuelt større positivt eller mindre netto driftsresultat for 2023 etter endeleg vedtak i kommunestyret blir justert mot avsetjing til disposisjonsfond.

## **2. Gebyr, avgifter brukarbetaling**

Gebyr, avgifter og brukarbetaling blir fastsett i samsvar med pkt 9 i handlingsprogrammet.

Kommunale avgifter, dvs vatn. og kloakkavgifter blir auka med 3,0% i 2023.

Renovasjonsavgiftene og slamavgifta blir auka i høve til vedtak i representantskapet i Renovest IKS og feieavgifta blir auka i høve til vedtaket i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS.

## **3. Inntektsramme for drifta**

Driftsbudsjettet for 2023 blir vedteke slik det går fram av tabell 1, tabell 3 og tabell 4 i HP.

## **4. Budsjetttiltak**

For å tilpasse utgifter og inntekter til dei fastsette måla, skal det bli gjennomført budsjetttiltak i samsvar med tabell 3 i taldelen til budsjettframlegget.

## **5. Fordeling av utgifter mellom etatane.**

Etatane sine driftsrammer går fram av tabell 1, 3 og 4 i HP/ØP.

## **6. Investeringar.**

Kommunestyret vedtek investeringar og finansiering for 2023 i tråd med tabell 2 og 5 i budsjettframlegget/HP.

## **7. Låneopptak**

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp lån med inntil 31 mill. kr. i 2023.

## **8. Eigedomsskattevedtak for 2023**

a) Verkeområde:

For skatteåret 2023 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. lov om eigedomsskatt til kommunane (eskl.) § 3 fyrste ledd, bokstav c.

Det skal i tillegg skrivast ut eigedomsskatt på dei same verk og bruk som i 2023, og som frametter blir rekna som næringsseigedom – jf overgangsregel til eskl § 3.

b) Eigedomsskattesats:

Eigedomsskattesatsen for 2023 er 7 promille, jf eskl.§ 11 fyrste ledd.

c) Terminar:

Skatten skrivast ut i to terminar, jf eskl § 25 fyrste ledd. Fyrste termin er 20. mars og andre termin er 20. september.

### **9. Sal av konsesjonskraft**

Pristaket ved sal av særavtalekrafta (konsesjonskraft) blir sett til 38 øre for 2023, ekskl. nettleige og alle avgifter.

**For private hushald blir pristaket 38 øre pluss statleg straumstøtteordning, med tilsvarande fråtrekk i nettleiga.**

### **10. Kontrollutvalet**

Kommunestyret vedtek budsjett for 2023 for Kontroll og tilsynsverksemda i Tokke kommune med ei ramme på kr 870 000, i samsvar med innstilling frå Kontrollutvalet.

### **11. Lærlingar og tillitsvalde**

Administrasjonen får fullmakt til å omfordele lønsmidlar til lærlingar og tillitsvalde mellom planområda. Desse utgiftene skal fylgje ansvarsområdet der dei til vanleg arbeider.

### **12. Integrering**

Kommunedirektøren får fullmakt til å budsjettere og budssettjustere inntekter og utgifter i samband med integreringsarbeidet og statlege integreringstilskot.

### **13. Endringsframlegg i notat 10.11.22**

**Endringsframlegga på drift, investering, avgifter og premissar blir i sin heilskap innarbeida i budsjett for 2023, økonomiplanen og handlingsprogrammet 2023 – 2026.**